

Å samle Oslo til ett rike

Da reformen i spesialisthelsetjenesten ble iverksatt i 2002, ble det sagt at Helse-Norge skulle samles til ett rike. Nå tar helseminister Ansgar Gabrielsen sikte på å gå ett skritt videre: Han vil at også Oslo-sykehusene skal samarbeide! Det er lett å bli enig om at dette ville være hensiktsmessig for sykehusene i hovedstadsområdet. Spørsmålet er hvordan det skal gjennomføres i praksis. Saken har vært utredet og diskutert en rekke ganger de siste 20–25 år. Resultatet er dessverre blitt mer splid og halvgode kompromissløsninger enn konstruktivt samarbeid. Høringsfristen til departementet er denne gang 12. desember. Det er lov å håpe!



Charlotte Haug

Charlotte Haug
redaktør

Tidsskrift for Den norske lægeforening

Legenes hus
Akersgata 2
Postboks 1152 Sentrum
0107 Oslo

Sentralbord 23 10 90 00

Redaksjonen
Telefon 23 10 90 50
Telefaks 23 10 90 40
tidsskriftet@legeforeningen.no

Redaktør
Charlotte Haug

Redaksjonssjef
Anne Ringnes

Produksjonssjef
Frauke Becher

Medisinske redaktører
Preben Aavitsland
Jens Bjørheim
Michael Bretthauer
Petter Jensen Gjersvik
Erlend Hem
Jahn M. Nesland
Torgeir Bruun Wyller

Manuskriptredaktører
Marit Fjellhaug
Åslaug Flo
Raida Ødegaard

Bilredaktør
Marianne Loraas

Redaksjonssekretærer
Magne Hagberg
Jorunn B. Kvarme


Nettredaksjonen
Nettredaktør Stine Bjerkestrand
Hans Petter Fosseng
Eline Feiring

Markedsavdelingen
Markedssjef
Maud P. Kaino
Telefon 23 10 90 95
maud.kaino@legeforeningen.no

Markedssekretær
Berit Seljebotn
Telefon 23 10 90 91

Stillings-, kurs-, møte- og spesialistannonser
Markedssekretær
Anne-Britt Dahl
Telefon 23 10 90 94
Telefaks 23 10 90 90
marked@legeforeningen.no

Tidsskriftet på Internett
www.tidsskriftet.no



Sot fra biltrafikk, målestokk: 10 mm = 8 µm.
Foto Odd Anda, NILU

Sot

Kvart døgn passerer mellom 10 000 og 20 000 liter luft inn og ut av lungene våre. 20 kubikkmeter luft møter dagleg 100 kvadratmeter tynn slimhinne. Berre eit tynt celledag skil lufta i lungene frå blodet. Oksygen går inn og karbondioksid ut. Liv krev rein luft, store mengder rein luft.

Biletet på forsida viser sotpartiklar. I vår tid er røyken frå forbrenningsmotorane, eksos, den viktigaste luftforureininga. Særleg inneheld dieseleksos veldige mengder små sotpartiklar. Slitasje av dekk mot asfalt og stein i vegbanen gir òg partiklar, vedfyring sameleis. I tillegg kjem gassane nitrogendioksid og ozon som òg kan gi helseskadar.

Partiklane er mangfaldige. Partiklane vi måler som forureining, varierer tusen gonger i diameter. Det blir som å samanlikne ei ert og ein varmluftballong. Samansetninga er ulik – det er steinstøv frå veggen og sotpartiklar frå dieselmotoren, og på den rufsete overflata ber partiklane gassar, kjemikal og metall frå forbrenninga. Ikkje noko under at partiklane fascinerer forskarane, men at det er vanskeleg å bli samde om helseeffektane av ulike partiklar!

Vi veit likevel litt om kva partiklar som er mest skadelege. Mykje tyder på at forbrenningspartiklar er verre enn mineralpartiklar. årsaka kan vere kjemien, overflatestrukturen eller storleiken. Små partiklar synest å vere verre enn grovare partiklar.

Både mekanismeforskning, eksperimentell årsaksforskning og epidemiologisk observasjon må til om vi skal finne ut kva helseeffektar dei mangfaldige partiklane har, og vi treng forskarar som kan forstå og integrere resultatane frå dei ulike feltene. I dette nummeret av Tidsskriftet kan vi lese ein artikkel av Per Nafstad om norsk og internasjonal epidemiologisk forskning om helseeffektane av luftforureining, både om metodar og funn.

Martinus Lovik
martinus.lovik@fhi.no
Nasjonalt folkehelseinstitutt